

I kveld (onsdag) kan uskedalingane møta ein allsidig visesongar i Dønhaugkjedlaren. Atle Hansen skal synga frå heile sitt repertoar, dei fleste songane frå Sunnhordland men også nokre frå Amerika

Det er første gong på 15 år at han spelar konsertar åleine etter å ha vore med i band, trioar og duoar i ei årrekkje, Hansen er ikkje berre visesongar og låtskrivar, men også ein anerkjent forfattar. Siden 1997 har han gjeve ut ti bøker og åtte av dei er for born. Han har også vore med i ei rad antologiar. I juni kjem den neste boka hans som han har kalla "Fangar i natta". Han har hatt eit mangeårig samarbeid med Ragnar Hovland.